



Vinje kommune
Næringskontoret

3890 Vinje
Tlf. 35 06 23 00
Fax 35 06 23 01
E-post:
postmottak@vinje.kommune.no
Bankgiro: 2717.07.00037

Landbruksdepartementet
Postboks8007 Dep

0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 103127 - 94	Doknr.:
Mottatt: - 1 JUL 2004	
Saksbehandler: ASR/JUR/EDA	Artik.: 440
Kopi:	Avskr.:


Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
LMA	03/2435	7960/04	V62	24.06.04

**Særutskrift: Høyring - Odelslovutvalgets innstilling NOU 2003:26
om odels- og åsetesretten**

Viser til møte i Grønt utval der ovannemnde vart handsama som sak 04/13.

Utskrift av saka følgjer vedlagt.

Med helsing


Lasse Mathisen
sekretær



--

Arkiv saknr:	03/2435
Løpenr.:	5506/04
Arkivkode:	V62

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Grønt utval	07.06.04	04/13

Sakshandsamar: Edvard Garmo

Høring - Odelslovutvalgets innstilling NOU 2003:26 om odels- og åsetesretten

Vedlegg (omdelt til medlemene i Grønt utval i førre møte):

1. Lov om odelsretten og åsetesretten (gjeldande lov sist revidert i 1974).
2. NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten. Kapittel 1: Utvalgets sammensetning, mandat og arbeid.
3. NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten. Kapittel 2: Sammenfatning.

Dokument i saka:

1. Lov om odelsretten og åsetesretten gjeldande frå 1974.
2. NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten. Innstilling frå Odelslovutvalet (Falkangerutvalet) avgjeven 23.oktober 2003.
3. Brev frå Landbruksdepartementet dagsett 13.11.2003: Høringsbrev – Odelslovutvalgets innstilling NOU 2003:26 om odels- og åsetesretten.

Bakgrunn:

Odelslovutvalet vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 21.september 2001 for å evaluere verknaden av odelslova og koma med framlegg til endringar og forbetringar. Utvalet fekk åtte medlemmer med professor i jus ved Universitetet i Oslo, Thor Falkanger, som leiar, og bonde Kirsten Indgjerd Værdal, tidlegare leiar i Noregs Bondelag, som nestleiar. I mandatet til utvalet er det lagt vekt på å få til ei modernisering av lova, m.a. å "bringe odelsretten i samsvar med de landbrukspolitiske mål nedfelt i Innst. S.nr. 167 (1999-2000) og St.meld. nr. 19 (1999-2000)". Departementet peikar elles på mange ulike og viktige område som skal vurderast i relasjon til odelslova.

I eit brev dagsett 2. april 2003 gav landbruksminister Lars Sponheim eit tilleggsmandat som gjekk ut på at uvalet skulle koma "med en samlet anbefaling vedrørende spørsmålet om odelsloven, med unntak av åsetesretten, bør opprettholdes eller avvikles. Mandatet til Odelslovutvalget utvides derfor til å omfatte dette spørsmålet."

Odelslovutvalet har gjort eit grundig arbeid som enda opp med ei utgreiing på nærare 200 store sider. Utvalet kjem med ein heil del framlegg til endringar til mange av paragrafane i lova. Summe av endringsframlegga er ikkje så viktige reelt sett, nesten av filologisk karakter, men andre framlegg vil få store verknader for næringa og for samfunnet om dei vert vedtekne og sette ut i livet. Utvalet peikar sjølv i eit samandrag innleiingsvis på ein del viktige framlegg som skal få lova meir i samsvar med dagens landbrukspolitiske mål og praktiske behov i tilfelle av at ein framleis skal ha odelsretten. Desse framlegga er serleg:

- auking og klårgjering av grensa for kva for eigedomar som er odlingsjord
- avstyting av den vanlege løysingsfristen til seks månader
- høve til å krevja at dei som har odelsrett, innan to månader tek stode til om dei ynskjer å overta eigedomen, og i motsett fall, høve for eigaren til å avhende eigedomen utan at han seinare kan løysast av dei som har odelsrett

- innføring av full likestilling mellom kjønna utan omsyn til fødselsdato og som hovudregel mellom adoptivborn og born fødte utanfor ekteskap
- opning for at sambuande skal kunne samodle og vera verna når odelsrettshavaren døyr
- utviding av høve til å nekte odelsløyning når dette vil verke klårt urimeleg.

I dei fleste framlegga er utvalet samrøystes, men på nokre punkt er det eit fleirtal og eit mindretal, dette gjeld m.a. arealkravet til dyrkingsjord. Eit mindretal vil elles skjera ned krinsen av dei som har odelsrett til berre born av foreldre som har odelsrett, og eit anna mindretal vil framleis ha bu- og drivepliktreglane heimla i odelslova.

Når det gjeld tilleggsmandatet, om ein skal ha ei odelslov, går fleirtalet i Odelslovutvalet inn for å halde på odelslova, men eit mindretal vil ha ho avskipa. Landbruksministeren har gjeve uttrykk for at han er samd med mindretalet.

Innstillinga frå Odelslovutvalet er send på høyring til ein heil del instansar, m.a. til kommunane, med høyringsfrist 01.07.04.

I møte i Grønt utval 29.03.04 var det ynskje om å få innstillinga til fråsegn, men at ein i denne skulle konsentrere seg om dei punkta som er nemnde ovanfor her.

Vurdering:

Ein vil i det fylgjande heller stutt koma med nokre merknader om dei viktigaste endringsframlegga frå Odelslovutvalet.

A. Bør odelslova avskipast?

Odelslova har lange røter i norsk historie, kultur og rettspraksis. Odelsretten er omtala i sagalitteraturen, i Gulatingslova og Frostatingslova, I Christian IV's Norske Lov og i Christian V's Norske Lov. Odels- og åsetesretten er og heimla i § 107 i grunnlova. I 1857 var det fleirtal i Stortinget for å fjerne odelslova, men ettersom det krevst 2/3 fleirtal for å endre grunnlova, vart odelsretten ståande denne gongen og. Odelsretten er eit semnorsk institutt som ein ikkje finn maken til andre stader. Det er mange argument både for å halde på og for å avskipa odelsretten.

For dei som er for å halde på odelslova, er sjølvstendig det historiske perspektivet viktig. Det er eit argument at lova har vore med på å halde oppe ein sjølvstendig og sjølvveigande bondestand, og medverka mykje til den eigedomsstrukturen ein har hatt i det norske landbruket. Odelslova er til ein viss grad med på å gjera eigedomstilhøva nokolunde føreseielege og har fremja dei haldningar og langsiktige mål som gjev tryggleik og stabilitet i næringa. Statistisk så syner det seg og at brukarar med odelsrett har meir landbruksutdanning og litt betre inntekter enn dei yrkesutøvarane som ikkje har det. Fleirtalet i odelslovutvalet meiner og at dersom tilrådingane frå utvalet vert tekne inn i lova, vil dei mest negative sidene ved ho verta borte.

Dei som vil fjerne odelslova, meiner at sjølv om odelsretten har ei lang historie bak seg, så er ikkje det i seg sjølv eit godt nok argument, og i ei tid med eit dynamisk landbruk med sterke omstillingar, er lova mest ein hemsko, lova er med på å bremse naudsynte strukturelle endringar. Det vernet som odelslova har gjeve landbruket på ein del omkverve, er elles no for det meste heimla i andre lovverk, serleg i jordlova og konsesjonslova. Odelslova, og fyrst og fremst løysingsretten, er noko av det som har ført til strid og splitting, ja, beint fram langvarige fiendskap og tragediar innan mange familiar. Ofte har aktive og dugande brukarar vortne trengde bort frå landbrukseigedomar av folk med betre odelsrett, som gjerne i siste liten har gjort denne gjeldande, noko ein og har mange døme på i Vinje kommune. Få lovverk har vore slik "advokatmat" og ført med seg så mange rettssaker i ulike instansar. Berre i tidsromet 1975 – 2001 var det meir enn 130 slike saker som kom heilt til Høgsterett. Rettssaker dreg seg ofte over mange år og hindrar gjerne både vedlikehald og naudsynlege investeringar i eigedomane. Ei hovudinnvending mot odelsretten, ikkje minst i desse tider, er likestillingsprinsippet. Skal nokon har rettslege føremonar for skuld fødsel/fødselstidspunkt?

Ut frå ei samla vurdering rår rådmannen til at odelslova vert avskipa.

B. Endringsframlegg frå Odelslovutvalet

Dersom odelslova vert oppretthalden – og som ein ser, skal det mykje til for å få ho avskipa – så vil det vera ein stor føremon dersom dei viktigaste framlegga frå utvalet vert fylgde opp og kjem inn i lova, og ein vil difor gå inn for desse endringane:

1. Grense for kva for eigedomar som er odlingsjord (§ 2).

Fleirtalsframlegget frå Odelslovutvalet luar såleis:

"Ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 50 dekar, eller det produktive skogarealet er minst 1.000 dekar.

Ein eigedom med minst 40 dekar jordbruksareal blir likevel rekna som odlingsjord når anna areal er minst 500 dekar.

Med til arealgrunnlaget vert rekna eigedomen sin andel i sameige.

Teigar med mindre enn 1 dekar jordbruksareal eller 10 dekar produktivt skogareal, vert ikkje rekna med etter denne lova.”

Mindretalet har såvore framlegg for fyrste og andre lekken:

”Ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 30 dekar, eller det produktive skogarealet er minst 500 dekar.

Ein eigedom med minst 20 dekar jordbruksareal blir likevel rekna som odlingsjord når anna areal er minst 100 dekar.”

Når det gjeld tredje og fjerde lekken, syner mindretalet til framlegget frå fleirtalet.

I våre dagar er det ei rask utvikling mot større og meir robuste og berekraftige bruk, ei utvikling som nok vil halde fram og kanskje akselerere ei tid. Framlegget frå fleirtalet er klårt mest i samsvar med denne trenden. Rådmannen går inn for fleirtalsframlegget.

2. Avstyting av den vanlege løysingsfristen til seks månader (§ 40).

Denne fristen er no eitt år. Det vil skapa meir føreseielege tilhøve og raskare avgjerder i slike saker om ein skjer ned løysingsfristen til det halve, som bør vera ei romsleg tid til å omrøme seg på for dei impliserte partane.

3. Høve til å krevja at dei som har odelsrett, innan to månader tek stode til om dei ynskjer å overta eigedomen, og i motsett fall, høve for eigaren til å avhende eigedomen utan at han seinare kan løysast av dei som har odelsrett (§ 20).

Vil ein eigar avhende odelsjord til eit yngre barn, og dei er samde om vilkåra, kan han setja ein frist for dei eldre og deira liner til å seia frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet. I dag er denne fristen på minst seks månader. Det må vera ein føremon for alle partar, og serleg for den/dei som skal drive eigedomen, at ikkje slike saker dreg i langdrag. Rådmannen sluttar seg difor til framlegget.

4. Full likestilling mellom kjønna utan omsyn til fødselsdato og som hovudregel mellom adoptivborn og born fødte utanfor ekteskap (§ 78).

I § 78 i gjeldande lov heiter det m.a.:

”Reglane i § 9, § 12 og § 52 fyrste og andre stykket får ikkje verknad for dei som er fødte eller adopterte før 1. januar 1965, og for desse skal dei tilsvarande føresegnene i den eldre lovgjevinga om den odels- og åsetesrettslege stillinga for born utanom ekteskap og adoptivborn og om odels- og åsetesrekkjefylgja gjelde fortsatt.”

I praksis vil det seia at for dei som er fødte før 1965, går mann føre kvinne, born fødte innanfor ekteskap går føre born utanfor ekteskap, og adoptivborn får ansiennitet etter adopsjonstidspunktet, og ikkje etter fødselsdato.

Odelslovutvalet drøftar m.a. om desse reglane er i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Utvalet konkluderer i alle fall med det heretter skal gjennomførast full likestilling. Rådmannen er samd i dette.

5. Opning for at sambuarar skal kunne samodle, og at også sambuande skal ha vern når odelsrettshavaren døyr (§ 13).

Her er det snakk om likestilling mellom dei som lever i ekteskap, og dei som lever i sambuarskap, noko som i våre dagar bør vera naturleg og rett. Rådmannen sluttar seg til dette.

6. Utviding av høve til å nekte odelsløysing når dette vil verke klårt urimeleg (§ 21).

Det er i dag og høve til å nekte odelsløysing ”når det etter det som ligg føre, ville vere klårt urimeleg om den eldre fekk drive den yngre bort.”

I den nye paragrafen er det lagt til:

”Når ein odelsrettshavar krev eigedomen utlagt til seg på skifte, og slikt utlegg vil vere klårt urimeleg i høve til ein annan loddeigar med dårlegare odelsrett, kan retten ta anna avgjerd ut frå dei synsmåtar som er nemnde i fyrste stykket (identisk med no gjeldande § 21). Saka skal i så fall førehavast i søksmåls former.”

Rådmannen er samd i framlegget.

7. Om bu- og driveplikt (§ 27, § 27a, § 28, § 29).

Halvparten av utvalet (med m.a. leiaren) vil her vise til reglane i konsesjonslova. Mindretalet vil ha egne reglar omtrent som i dag.

Rådmannen ser det slik at etter som ein har reglar om dette i konsesjonslova, skulle det vera uturvande å ha dei også i odelslova.

8. Odelsslekta (§ 8).

Fyrste stykket i denne paragrafen luar no såleis:

”Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel.”

Etter dette kan i mange tilfelle odelsrettkrinsen verta svært vid og utflytande, og folk som har lita eller inga personleg og direkte tilknytning til eigedomane, kan ha best odelsrett og høve til å gjera denne gjeldande.

Eit mindretal på tre i utvalet vil at fyrste stykket i paragrafen skal ha såvoren ordlyd:

”Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra har ått heile eigedomen med odel.”

Framlegget frå mindretalet vil innsnevre odelsrettskrinsen monaleg, og etter rådmannens syn skapa enklare, ryddigare og meir føreseielege rettstilhøve og færre langdryge saker for ulike domstolar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Grønt utval syner til saksutgreiinga og gjev såvoren fråsegn om innstillinga frå Odelslovutvalet NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten:

1. Odelslova bør avskipast.

2. Dersom ein skal ha odelslova, bør det gjerast fylgjande endringar:

- a) § 2: Grensa for kva for eigedomar som er odelsjord, vert fastsett i samhøve med tilrådinga frå fleirtalet i Odelslovutvalet, slik det er referert i saksframstillinga ovanfor.
- b) § 40: Den vanlege løysingsfristen i odelslovsaker vert avstytt til seks månader.
- c) § 20: Høve til å krevja at dei som har odelsrett, tek stode til om dei ynskjer å overta eigedomen innan to månader, og i motsett fall, høve for eigaren til å avhende eigedomen utan at han kan løysast av dei som har odelsrett.
- d) § 78: Det vert full likestilling mellom kjønna utan omsyn til fødselsdato og som hovudregel mellom adoptivborn og born fødte utanfor ekteskap.
- e) § 13: Opning for at sambuarar skal kunne samodle, og at den attlevande sambuaren skal ha vern når odelsrettshavaren dør.
- f) § 21: Utviding av høve til å nekte odelsløysing når dette er klårt urimeleg.
- g) § 27, § 27 a, § 28 og § 29 om bu- og driveplikt vert oppheva. Det vert synt til reglane om dette i konsesjonslova.
- h) § 8: Krinsen av dei som har odelsrett, vert redusert i samsvar med framlegget frå mindretalet, slik det er referert i saksutgreiinga.

Rådmannen, 07.05.04

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Vedtak i Grønt utval 07.06.04:

Framlegg frå Agnar Bratland:

Saka vert utsett for handsaming til 21. juni.

VEDTAK: Samrøystes for utsettingsframlegget til Agnar Bratland

Saka vert utsett for handsaming til 21. juni.

Vedtak i Grønt utval 21.06.04:

Pkt. 1:

Vedtak punkt 1: 1 for rådmannen sitt framlegg, 5 mot.

Pkt. 2 a:

Framlegg frå Tone Edland:

Grensa for kva for eigedomar som er odelsjord, vert fastsett i samsvar med tilråding frå mindretalet i Odelslovsutvalet.

Vedtak punkt 2a: Framlegg frå Tone Edland vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 b:

Vedtak punkt 2 b: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 c:

Vedtak punkt 2 c: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 d:

Vedtak punkt 2 d: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 e:

Vedtak punkt 2 e: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 f:

Vedtak punkt 2 f: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 g:

Framlegg frå Tone Edland:

Om bu- og driveplikt, støttar mindretalet i Odelslovsutvalet om å ha eigne reglar som i dag.

Vedtak punkt 2 g: Framlegg frå Tone Edland vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 h:

Framlegg frå Tone Edland:

Krinsen av dei som har odelsrett vert i samsvar med det fleirtalet i Odelslovsutvalet går inn for.

Vedtak punkt 2 h: Framlegg frå Tone Edland vart samrøystes vedteke.

Grønt utval syner til saksutgreiinga og gjev såvoren fråsegn om innstillinga frå Odelslovutvalet NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten:

1. Odelslova bør ikkje avskipast.

2. Dersom ein skal ha odelslova, bør det gjerast fylgjande endringar:

a) § 2: Grensa for kva for eigedomar som er odelsjord, vert fastsett i samsvar med tilråding frå mindretalet i Odelslovsutvalet.

b) § 40: Den vanlege løysingsfristen i odelslovsaker vert avstytt til seks månader.

- c) § 20: Høve til å krevja at dei som har odelsrett, tek stode til om dei ynskjer å overta egedomen innan to månader, og i motsett fall, høve for eigaren til å avhende egedomen utan at han kan løysast av dei som har odelsrett.
- d) § 78: Det vert full likestilling mellom kjønna utan omsyn til fødselsdato og som hovudregel mellom adoptivborn og born fødde utanfor ekteskap.
- e) § 13: Opning for at sambuarar skal kunne samodle, og at den attlevande sambuaren skal ha vern når odelsrettshavaren døy.
- f) § 21: Utviding av høve til å nekte odelsløysing når dette er klårt urimeleg.
- g) Om bu- og driveplikt, støttar mindretalet i Odelslovsutvalet om å ha egne reglar som i dag.
- h) Krinsen av dei som har odelsrett vert i samsvar med det fleirtalet i Odelslovsutvalet går inn for.